



Innst. S. nr. 275

(2007–2008)

Innstilling til Stortinget frå finanskomiteen

St.meld. nr. 3 (2007–2008)

Innstilling frå finanskomiteen om statsrekneska- pen for 2007

Til Stortinget

1. SAMANDRAG

1.1 Innleiing

St.meld. nr. 3 (2007–2008) omfattar statsrekneskapen med ein løyvingsrekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingsrekneskapen viser samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. For utgiftspostane visast òg overført løyving frå 2006 til 2007 og overført løyving frå 2007 til 2008. Kapitalrekneskapen viser staten sine egedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld vidare oversyn over rekneskapen for Svalbard, staten sitt garantiansvar, tilsegn- og bestillingsfullmakter og ei oppgåve over aksjar som staten eig.

I meldinga blir det gjort greie for løyvingane på statsbudsjettet og rekneskapsførte tal. Det blir òg lagt vekt på å forklare årsakene til avvik mellom budsjett og rekneskap. I kapittel 1 blir det gjort greie for hovud-elementa i budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i staten sine utgifter og skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsverksemda. Låne-transaksjonar og finansieringsbehov blir òg beskrive. I kapittel 2 i meldinga er det gjeve ein nærare omtale av departementa sine område. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt, medan det i kapittel 4 er gjort greie for staten sin balanse og finanspostar.

I tabellane i statsrekneskapen kan det som følgje av avrundingar vere avvik mellom sumtalet i tabellane og summen av dei enkelte tala som inngår i sum-

men. Det er lagt til grunn at sumtalet skal vere i tråd med rekneskapstalet for den saka tabellen omhandlar under eitt.

Dei samla inntektene i statsrekneskapen for 2007 er 1 030,1 mrd. kroner, medan utgiftene er 715,1 mrd. kroner, jf. tabell 1.2. Låne-transaksjonar er då ikkje rekna med. Statsbudsjettet sine netto inntekter frå petroleumsverksemda er 316,4 mrd. kroner, fordelt med 337,4 mrd. kroner i inntekter og 21,1 mrd. kroner i utgifter. Nettoinntektene frå petroleumsverksemda blei overførte til Statens pensjonsfond – Utland. Dei samla inntektene utanom petroleumsverksemda og låne-transaksjonar er på 692,7 mrd. kroner, medan utgiftene er på 694,0 mrd. kroner. Statsrekneskapen viser dermed eit oljekorrigert underskot på 1,3 mrd. kroner.

Ved nysalderinga av statsbudsjettet for 2007 blei det lagt til grunn eit oljekorrigert underskot på 2,8 mrd. kroner. Dette blei overført frå Statens pensjonsfond – Utland i tråd med Stortinget sitt budsjettvedtak på kap. 5800. Statsrekneskapen for 2007 blir dermed gjort opp med eit overskot på 1,5 mrd. kroner. Inntektene auka med vel 5,5 mrd. kroner, medan utgiftene auka med knapt 4,1 mrd. kroner samanlikna med anslaga i nysaldert budsjett 2007.

Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet for 2007 er no rekna til 57,8 mrd. kroner. Dette er 13,2 mrd. kroner lågare enn anslaget i Nasjonalbudsjettet 2007, der det strukturelle underskotet i 2007 blei 71,0 mrd. kroner.

Forutan netto kontantstraum frå petroleumsverksemda på 316,4 mrd. kroner og overføring frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet på 2,8 mrd. kroner, viser rekneskapen for Statens pensjonsfond – Utland 74,3 mrd. kroner i renteinntekter og utbyte. Det samla overskotet i Statens pensjonsfond – Utland blei dermed 387,9 mrd. kroner i 2007. Samla sett blir statsrekneskapen og Statens pensjonsfond – Utland

gjort opp med eit overskot på 389,3 mrd. kroner i 2007.

Ved utgangen av 2007 var den bokførte verdien av Statens pensjonsfond – Utland 2 018,5 mrd. kroner. Det er 235,7 mrd. kroner meir enn ved utgangen av 2006. Forutan overskotet på 387,9 mrd. kroner er verdien av fondet auka med 2,4 mrd. kroner i samband med at staten har løyst inn aksjar i Statoil ASA i 2007, medan kurstap m.v. har redusert verdien av fondet med 154,7 mrd. kroner. Statoil ASA gjennomførte fleire tilbakekjøp av egne aksjar i marknaden i 2006 for sletting. For å halde staten sin eigardel i selskapet uendra, har staten løyst inn ein proporsjonal del av sine aksjar i Statoil ASA. Inntektene blir overført Statens pensjonsfond – Utland. Saka er nærare omtalt i St.prp. nr. 69 (2006–2007) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2007 og St.prp. nr. 28 (2007–2008) Ny saldering av statsbudsjettet 2007.

1.2 Budsjettpolitikken

Eit fleirtal i Stortinget slutta seg våren 2001 til retningslinjer for den økonomiske politikken som inneber at petroleumsinntektene gradvis blir fasa inn i økonomien, om lag i takt med venta realavkastning av Statens pensjonsfond – Utland. Budsjettpolitikken skal medverke til ei stabil utvikling i norsk økonomi. Intensjonen bak retningslinjene er å syte for ein jamn auke i bruken av petroleumsinntektene til eit langsiktig forsvarleg nivå. Samstundes opnar dei for at handlefridomen som petroleumsinntektene gir, kan brukast til å stimulere produksjon og sysselsetjing i periodar med høg og aukande arbeidsløyse. Motsett vil det være naudsynt å halde attende i budsjettpolitikken i periodar med høg kapasitetsutnytting og pressendensar i økonomien. Bruken av petroleumsinntekter vert målt ved det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet. Ved utrekning av det strukturelle, oljekorrigerte underskotet blir det mellom anna teke omsyn til at delar av statens inntekter og utgifter endrar seg med konjunkturane og til endringar i rekneskapstillhøve, sjå boks 1.1 i meldinga.

1.3 Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet

Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2007 er bruken av petroleumsinntekter i 2007 no rekna til 57,8 mrd. kroner, målt ved det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Dette er 13,2 mrd. kroner lågare enn anslaget i Nasjonalbudsjettet 2007, der det strukturelle underskotet i 2007 blei rekna til 71,0 mrd. kroner. Venta realavkastning av Statens pensjonsfond – Utland i 2007 er rekna til 71,3 mrd. kroner, dvs. 13,5 mrd. kroner høgare enn det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Det strukturelle underskotet svarer til 3,6 pst. av trend-BNP for Fastlands-Noreg.

Endringane i statsbudsjettet som blei foreslått i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2007, innebar at talet for det strukturelle underskotet blei redusert med 3,2 mrd. kroner, til 67,8 mrd. kroner. Frå Revidert nasjonalbudsjett 2007 til nysaldert budsjett for 2007 blei det strukturelle underskotet redusert med ytterlegare 9,2 mrd. kroner til 58,6 mrd. kroner, som følgje av lågare utgifter og ny informasjon om utviklinga i skatteinntektene.

Statsrekneskapen for 2007 viser at det faktiske, oljekorrigerte underskotet er 1,5 mrd. kroner lågare enn det som blei lagt til grunn i nysaldert budsjett for 2007, i hovudsak som følgje av noko høgare skatteinntekter. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet er no rekna 0,8 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett.

1.4 Hovudtala i statsrekneskapen

Tabell 1.2 i meldinga gir ein samla oversikt over inntektene, utgiftene og overskotet på statsbudsjettet, statsrekneskapen og Statens pensjonsfond – Utland gjennom 2007.

Samla overskot i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond – Utland auka med 22,3 mrd. kroner, frå 367,1 mrd. kroner i 2006 til 389,3 mrd. kroner i 2007. Utanom petroleumsverksemda auka inntektene med 74,3 mrd. kroner, medan utgiftene auka med 31,7 mrd. kroner. Samla sett inneber det at det oljekorrigerte underskotet blei redusert med 42,7 mrd. kroner frå 2006 til 2007. Reduksjonen i det oljekorrigerte underskotet frå 2006 til 2007 må sjåast i samanheng med den høge aktiviteten i den norske økonomien, med sterk vekst i sysselsetjinga og høge skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg.

Statsbudsjettet sin netto kontantstraum frå petroleumsverksemda blei redusert med 39,0 mrd. kroner, frå 355,4 mrd. kroner i 2006 til 316,4 mrd. kroner i 2007, i hovudsak grunna lågare produksjon. Statens pensjonsfond – Utland sine renteinntekter og utbyte auka med 18,6 mrd. kroner, frå 55,7 mrd. kroner i 2006 til 74,3 mrd. kroner i 2007.

1.5 Det oljekorrigerte underskotet

Inntektsløyvingane utanom lånetransaksjonar for 2007 auka med 2,0 mrd. kroner frå saldert budsjett til nysaldert budsjett. Utgiftsløyvingane utanom lånetransaksjonar blei 4,1 mrd. kroner lågare i same periode.

Sett bort frå petroleumsverksemda var inntektene 45,5 mrd. kroner høgare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett, medan utgiftene var 5,8 mrd. kroner lågare. Samla gav dette eit oljekorrigert underskot på 2,8 mrd. kroner i nysaldert budsjett for 2007, noko som er 51,3 mrd. kroner lågare enn i saldert budsjett. Nedgangen i det oljekorrigerte underskotet frå saldert til nysaldert budsjett kjem i hovudsak av auka

skatte- og avgiftsinntekter på 41,8 mrd. kroner. Ein stor del av denne auken kan først tilbake til konjunktursituasjonen.

Ei meir utførleg omtale av budsjettutviklinga gjennom 2007 fram til nysalderinga er gjeve i St.prp. nr. 1 (2007–2008) Statsbudsjettet 2008, St.meld. nr. 1 (2007–2008) Nasjonalbudsjettet 2008, St.prp. nr. 69 (2006–2007) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2007, St.meld. nr. 2 (2006–2007) Revidert nasjonalbudsjett for 2007 og St.prp. nr. 28 (2007–2008) Ny saldering av statsbudsjettet 2007.

I statsrekneskapen for 2007 er det oljekorrigerte underskotet 1,3 mrd. kroner. Dette er 1,5 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn ved nysalderinga, jf. tabell 1.2. Sett bort frå petroleumsverksemda auka både inntekter og utgifter, men inntektene auka altså noko meir enn utgiftene.

Tilbakeføringa frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet blei endeleg fastlagt i nysaldert budsjett, utifrå å skulle dekkje det oljekorrigerte underskotet som då blei lagt til grunn. På denne bakgrunnen blir statsrekneskapen for 2007 gjort opp med eit overskot på 1,5 mrd. kroner. Endringa på 1,5 mrd. kroner samanlikna med nysaldert budsjett kjem fram slik:

- Inntektene utanom petroleumsverksemda auka med 5,5 mrd. kroner, frå 687,1 mrd. kroner til 692,7 mrd. kroner.
- Utgiftene utanom petroleumsverksemda auka med 4,1 mrd. kroner, frå 690,0 mrd. kroner til 694,0 mrd. kroner.

Med i desse tala er auka inntekter og utgifter på 1,5 mrd. kroner frå standard refusjonar som ikkje blir budsjetterte med beløp på løyvingane i saldert budsjett. Dette er refusjonar frå mellom anna arbeidsmarknadsetaten og folketrygda som heimlar meirutgifter for statlege verksemder sine utgifter til arbeidsmarknadstiltak, lønn under fødsels- og adopsjonspremisjon, lønn til lærlingar og lønn under sjukdom.

Inntektene utan meirinntekter i form av standard refusjonar for sjukepengar o.a. blei samla sett 4,1 mrd. kroner høgare i rekneskapen enn i nysaldert budsjett. Skatte- og avgiftsinntektene auka med om lag 1,5 mrd. kroner, medan andre inntekter auka med 2,6 mrd. kroner. Av dette viser rekneskapen samla meirinntekter på 2,2 mrd. kroner på budsjettposter som det er knytt meirinntektsfullmakter til. Mellom anna blei inntektene til Nasjonalt Folkehelseinstitutt, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Redningshelikopterenesta og fylkesmannsembeta høgare enn budsjetterte med for 2007. Nokre departement har òg høve til å utføre oppdragsverksemd mot refusjon av utgiftene. Ut over dette omfattar meirinntektene under departementa mindre beløp for ei rekkje gebyr-, sals-

og leigeinntekter o.a. Samla sett auka inntektene med 5,5 mrd. kroner frå nysaldert budsjett.

I alt viser rekneskapen auka utgifter på 4,1 mrd. kroner i forhold til nysaldert budsjett.

Når ein ser bort frå auka utgifter som heng saman med meirinntekter frå standard refusjonar, viser rekneskapen 2,6 mrd. kroner høgare utgifter enn lagt til grunn i anslag på rekneskapen ved nysaldert budsjett. Med i denne netto auken ligg meirutgifter som må sjåast i samanheng med departementa og forvaltninga si bruk av meirinntektsfullmakter på 2,2 mrd. kroner.

To område med store meirutgifter er momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar og oppstartstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar i kommunane, der utgiftene blei høvesvis 0,9 mrd. kroner og 1,2 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett. Meirutgiftene til oppstartstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar må sjåast i samanheng med at det blei overført 1,3 mrd. kroner i unytta løyving frå 2006 til 2007, medan meirutgiftene til momskompensasjon kjem av høgare utbetalingar mot slutten av året enn opphavleg lagt til grunn.

Vidare gjekk overføringane frå 2007 til 2008 ned med om lag 1,0 mrd. kroner samanlikna med overføringane frå 2006 til 2007, jf. nærare omtale nedanfor.

Sett bort frå dei utgiftsendingane frå nysaldert budsjett til rekneskapen for 2007 som er forklart ovanfor, er det dermed ein netto utgiftsreduksjon som fordeler seg på ei rekkje løyvingar.

Overførte løyvingar frå 2007 til 2008, utanom lånetransaksjonar og statleg petroleumsverksemd, blei samla 1,0 mrd. kroner lågare enn overførte løyvingar frå 2006 til 2007. Fleirtalet av departementa har ein mindre auke i overførte løyvingar. For Justisdepartementet blei overførte løyvingar redusert med i alt 0,3 mrd. kroner, medan overførte løyvingar for Forsvarsdepartementet blei redusert med i alt 0,4 mrd. kroner. Overførte løyvingar for Arbeids- og inkluderingsdepartementet auka med i alt 0,4 mrd. kroner.

På Kommunal- og regionaldepartementet sitt område blei overførte løyvingar redusert med i alt 1,2 mrd. kroner. Det vesentlege av dette gjeld overførte løyvingar til tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar, jf. omtala av auka utgifter ovanfor.

1.6 Veksten i utgiftene på statsbudsjettet

Den underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet skal vise utviklinga i utgiftene på statsbudsjettet frå eit år til eit anna. Når den underliggjande veksten i utgiftene blir rekna ut, blir det korrigert for utgifter til dagpengar, renter og petroleumsverksemda og for enkelte rekneskapsmessige forhold og ekstraordinære endringar. Ved utrekninga av den

reelle, underliggjande veksten i utgiftene blir det òg korrigert for prisendringar, slik at talet gir uttrykk for volumendringar knytt til driftsutgiftene, investeringane og overføringane på statsbudsjettet.

I Nasjonalbudsjettet for 2007 var anslaget for den reelle, underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet 2 3/4 pst.

I nysaldert budsjett for 2007 blei den reelle, underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet òg rekna til vel 2 3/4 pst. Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2007 er veksten rekna til vel 2 1/2 pst., dvs. ei nedjustering med om lag 1/4 prosentpoeng. I nysaldert budsjett blei meirutgifter motsvara av meirinntekter i 2006 trekt ut av nivået på dei samla utgiftene ved rekninga av den underliggjande utgiftsveksten, jf. tabell 1.4 i St.prp. nr. 28 (2007–2008). I 2006 blei desse meirinntektene rekna til 3,6 mrd. kroner. Utgiftene i rekneskapen for 2007 blei 4,1 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett, noko som mellom anna må sjåast i samanheng med meirinntekter i 2007. Ved rekninga av den underliggjande utgiftsveksten frå 2006 til 2007 er desse utgiftene no rekna med i utgiftsnivået. Samla sett er den nominelle utgiftsendrings frå 2006 til 2007 om lag den same som lagt til grunn i nysaldert budsjett. Nedjusteringa av den reelle, underliggjande utgiftsveksten med 1/4 prosentpoeng frå nysaldert budsjett er dermed knytt til høgare lønns- og prisvekst enn tidlegare lagt til grunn.

1.7 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov

Tabell 1.3 i meldinga viser utviklinga i statsbudsjettet sitt finansieringsbehov. Samanlikna med rekneskapen for 2006 er lånebehovet utanom petroleumsverksemda auka med 27,7 mrd. kroner, frå 31,7 mrd. kroner i 2006 til 59,4 mrd. kroner i 2007. Endringane i gjeldsavdrag og tilbakebetalingar må sjåast i samanheng med innløyisinga av kontolåna til Statens pensjonsfond – Noreg i 2006.

Utgiftene til utlån blei om lag 1,2 mrd. kroner høgare enn forventa ved nysalderinga. Tilbakebetalingane blei 0,3 mrd. kroner lågare enn rekna med ved nysalderinga.

Netto utlån blei dermed 1,5 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett. Då rekneskapen viser eit overskot på 1,5 mrd. kroner, blei statsbudsjettet sitt netto finansieringsbehov uendra samanlikna med nysaldert budsjett.

Avdrag på innanlandsk statsgjeld blei om lag det same som i nysaldert budsjett. Brutto finansieringsbehov er dermed også om lag uendra samanlikna med nysaldert budsjett.

Inntekter på 2,4 mrd. kroner i samband med at staten har løyst inn aksjar i Statoil ASA blei overført til Statens pensjonsfond – Utland. Ved ein feil blei dette talet rekna med under tilbakebetalingar i nysal-

dert budsjett, noko som er årsaka til at det der er lagt til grunn eit samla anslag for tilbakebetalingar på 71,2 mrd. kroner, medan det rette skulle ha vore 68,7 mrd. kroner, jf. tabell 1.3 i meldinga. Dermed var òg anslaget for både netto og brutto finansieringsbehov for lågt i nysaldert budsjett.

1.8 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 2007 viser at dei samla skatte- og avgiftsinntektene frå Fastlands-Noreg auka frå 562,5 mrd. kroner i 2006 til 632,9 mrd. kroner i 2007, dvs. med 70,4 mrd. kroner eller 12,5 pst. Sterkare auke i den økonomiske aktiviteten og i selssetjinga enn lagt til grunn hausten 2006 har ført til at skatte- og avgiftsinntektene blei 43,2 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett 2007. Den høge veksten understrekar at det har vore høg aktivitet i norsk økonomi. Skatte- og avgiftsinntektene blei 1,5 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett for 2007.

Av dei samla skatte- og avgiftsinntektene på 632,9 mrd. kroner i statsrekneskapen for 2007 utgjorde skatt på inntekt og formue 174,2 mrd. kroner. Frå 2006 til 2007 auka inntektene frå skatt på inntekt og formue med 36,5 mrd. kroner, eller 26,5 pst. Den høge veksten kjem i stor grad av at inntektene frå skattlegging av føretak har auka med opp mot 40 pst., på grunn av høg aktivitet og lønnsemd i føretaka. Den høge veksten er òg knytt til ein reduksjon i skatteøren for kommunar og fylkeskommunar og motsvarande auke i satsen for fellesskatt til staten. Satsen for fellesskatt for forskotspliktige skattytarar blei auka frå 11,80 pst. i 2006 til 13,05 pst. i 2007.

Trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift utgjorde 185,3 mrd. kroner i 2007, ein auke på 7,9 pst. frå året før.

Inntektene frå meirverdiavgifta steig med 8,5 pst. til 183,8 mrd. kroner i 2007.

Andre særavgifter og tollinntekter utgjorde til saman 89,5 mrd. kroner i 2007. Dette er 7,1 pst. meir enn i 2006.

1.9 Statens pensjonsfond – Utland

Endringar i verdien til Statens pensjonsfond – Utland kjem fram gjennom endringar i kontantstrømmen, overføring av midlar til statsbudsjettet, netto finanstransaksjonar knytt til petroleumsverksemda, direkte avkastning av fondet og endra verdivurdering av fondet sine egedelar. Kontantstrømmen er samansett av inntekter frå skattar og avgifter frå petroleumsverksemda, og inntekter og utgifter knytt til staten si direkte deltaking i petroleumsverksemda (SDØE).

Dei samla innbetalte skattane og avgiftene frå petroleumsverksemda og CO₂-avgifta, blei 191,2 mrd. kroner i 2007.

Rekneskapstala for betalte direkte skattar blei 3,8 mrd. kroner lågare enn venta i nysalderingsproposisjonen. Betalt produksjonsavgift blei om lag som venta, medan betalt arealavgift blei 0,3 mrd. kroner lågare enn venta.

Inntektene frå avgift på utslepp av CO₂ i petroleumsverksemda blei 15 mill. kroner lågare enn venta i nysalderingsproposisjonen.

Inntektene frå SDØE er i det alt vesentlege driftsinntekter med frådrag for driftsutgifter og investeringsutgifter. Nettoinntektene frå SDØE blei i nysalderingsproposisjonen rekna til 110,4 mrd. kroner, medan rekneskapen for 2007 er 111,2 mrd. kroner.

I tillegg inngår utbyte frå Statoil i netto kontantstraumen frå petroleumsverksemda. I 2007 blei det utbetalt utbyte på 14 mrd. kroner frå Statoil til staten.

Frå saldert budsjett til nysaldert budsjett gjekk inntektene frå petroleumsverksemda ned med 43,5 mrd. kroner, medan utgiftene til petroleumsverksemda auka med 1,7 mrd. kroner. Den netto kontantstraumen frå petroleumsverksemda gjekk dermed ned med 45,2 mrd. kroner, frå 364,9 mrd. kroner til 319,7 mrd. kroner. Nedjusteringa må mellom anna sjåast i samanheng med lågare produksjon enn lagt til grunn i saldert budsjett, sjølv om høgare petroleumsprisar trekte i motsatt retning. Anslaget for renteinntekter og utbyte i Statens pensjonsfond – Utland auka med 1,2 mrd. kroner frå saldert budsjett til nysaldert budsjett. Anslaget for overføringa frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet gjekk ned med 51,3 mrd. kroner. Samla sett innebar dette ei betring av balansen for Statens pensjonsfond – Utland med 7,3 mrd. kroner.

Statsbudsjettet sine netto inntekter frå petroleumsverksemda blei 3,3 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett. Nettoinntektene gjekk ned frå 319,7 mrd. kroner til 316,4 mrd. kroner, jf. tabell 1.2 i meldinga. Inntektene frå statleg petroleumsverksemd, petroleumsskattar og CO₂-avgift blei 3,6 mrd. kroner lågare, medan investeringsutgiftene blei vel 0,2 mrd. kroner lågare.

Det er overført 2,8 mrd. kroner frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet. Dette inneber at netto overføring til Statens pensjonsfond – Utland for 2007 samla sett er 3,3 mrd. kroner lågare i rekneskapen enn ein rekna med i nysalderinga. Netto kontantstraum fråtrekt overføringa frå fondet til statsbudsjettet blir dermed 313,6 mrd. kroner i 2007.

Frå nysaldert budsjett gjekk renteinntektene og utbytet i fondet ned frå 76,5 mrd. kroner til 74,3 mrd. kroner. Samla blei overskotet i Statens pensjonsfond – Utland dermed 387,9 mrd. kroner i 2007, noko som er 5,5 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett.

Når ein òg tek omsyn til kurstap m.v. på 154,7 mrd. kroner og inntekter i samband med at staten har

løyst inn aksjar i Statoil ASA på 2,4 mrd. kroner, auka kapitalen i Statens pensjonsfond – Utland med i alt 235,7 mrd. kroner, frå 1 782,8 mrd. kroner ved utgangen av 2006 til 2 018,5 mrd. kroner ved utgangen av 2007.

Overføringa frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet over kap. 5800 blir rekneskapsført i samsvar med Stortinget sitt vedtak i nysaldert budsjett, medan overføringa til fondet over kap. 2800 er tilpassa kontantstraumen.

2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Marianne Aasen Agdestein, Alf E. Jakobsen, Torgeir Micaelsen, leiaren Reidar Sandal, Eirin Kristin Sund og Tom Rune Thorvaldsen, frå Framstegspartiet, Gjermund Hagesæter, Ulf Leirstein, Jørund Rytman og Christian Tybring-Gjedde, frå Høgre, Svein Flåtten, Michael Momyr og Jan Tore Sanner, frå Sosialistisk Venstreparti, Magnar Lund Berge og Morten Drægni, frå Kristeleg Folkeparti, Hans Olav Syversen, frå Senterpartiet, Hilde Grønhovd, og frå Venstre, Lars Sponheim, viser til at meldinga gjeld statsrekneskapen for 2007, og viser til rettelsette fra finansminister Kristin Halvorsen av 3. juni 2008.

Komiteen tek meldinga til orientering.

Komiteen viser til at det i Dokument nr. 1 frå Riksrevisjonen, som blir behandla i kontroll- og konstitusjonskomiteen, blir rapportert om departementa si forvaltning og gjennomføring av budsjetta. Dokument nr. 1 omfattar resultatet av rekneskapsrevisjonen, forvaltningsrevisjonen og departementa si oppfølging av tidlegare rapporterte forhold.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet vil bemerke at Statsregnskapet for 2007 viser at Regjeringen kun anvender 1,3 mrd. kroner av skatteinntektene og andre inntekter fra sokkelen. Dette til tross for at det er store uløste oppgaver i samfunnet. Disse medlemmer vil understreke at det på flere områder, som veibygging, har vært ledig kapasitet som kunne vært utnyttet for å forbedre det dårlige veinettet i Norge. Andre anskaffelser kunne vært gjort direkte fra utlandet med minimale pressvirkninger for norsk økonomi.

Disse medlemmer viser videre til at skatteinntektene fra Fastlands-Norge har blitt langt høyere enn lagt til grunn i statsbudsjettet for 2007. Statsregnskapet for 2007 viser at skatteinntektene er 43,2 mrd. kroner høyere enn anslått, noe som tilsvarer en høyere skattbar inntekt på om lag 150 mrd. kroner. Dette

har økonomien taklet. De andre partienes skrem-selspropaganda vedrørende Fremskrittspartiets alternative budsjett for 2007 som viste en ekstra anvendelse av skatteinntektene fra selskapene på norsk sokkel på 24 mrd. kroner for å gjennomføre en del offentlige investeringer og betydelige skattelettelse i Fastlands-Norge, viser seg dermed å være gjort til skamme. Disse medlemmers foreslåtte skattelettelse ville heller ikke ført til det inntektstap for staten som Finansdepartementet anslo som følge av disse medlemmers spørsmål til statsbudsjettet for 2007.

Disse medlemmer minner dessuten om at Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennomgikk Fremskrittspartiets alternative budsjett for 2007 og konkluderte med en lavere rente enn med Regjeringens opplegg, samt uendret press i norsk økonomi, jf. SSBs brev til Fremskrittspartiets stortingsgruppe av 18. januar 2008. Årsaken var blant annet kutt i offentlig byråkrati, vridning av pengebruken på investeringer fremfor forbruk, samt betydelige skatte- og

avgiftslettelse på til sammen 25,7 mrd. kroner, noe som ville bidra til å senke kostnadsnivået.

Disse medlemmer mener dette viser at Norges enorme inntekter fra oljen på norsk sokkel kan anvendes mer fornuftig, både til beste for dem som lever i Norge i dag, og for fremtidige generasjoner. Disse medlemmer er av den oppfatning at statsregnskapet for 2007 dokumenterer Regjeringens manglende evne til å forvalte norske ressurser på en best mulig måte.

3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til meldinga og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k :

St.meld. nr. 3 (2007–2008) – statsrekneskapen for 2007 – blir å leggje ved protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 5. juni 2008

Reidar Sandal

leiar og ordførar

Vedlegg

**Brev fra Finansdepartementet v/statsråden til Stortingets presidentskap,
datert 3. juni 2008**

I brev av 29. mai 2008 har det vorte ein feil i oppgjeve beløp. Finansdepartementet ber Stortinget sjå bort frå det brevet og leggje dette brevet til grunn.

I St. meld. nr. 3 (2007-2008) Statsrekneskapen for 2007 har det kome inn ein feil knytt til tabell 3.7 Statens inntektskrav i vedlegg 3.

Riksrevisjonen har påpeika at inntektskravet under kap. 5501, post 70 Toppskatt mv. per 31.12.2007 er ført opp med feil beløp. Skattedirektoratet har korrigert denne posten i si rapportering til Finansdepartementet, men korrigeringa er gjort etter trykking av St.meld. nr. 3 (2007-2008). Rett beløp skal vera 1 789 650 000 kroner.

